

Fra: Atle Nordland <atle.nordland@hotmail.com>

Sendt: 26.06.2023 20:22:03

Til: Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Sigmund Holmaas <sigmund@sh-oppmaaling.no> (sigmund@sh-oppmaaling.no) <sigmund@sh-oppmaaling.no>, post@brkvinge.no, Bjarte Andvik <bjarteandvik@MSN.com>, 'johau65@hotmail.com' <johau65@hotmail.com>, astriddk1 <astriddk1@hotmail.com>

Emne: Sv: Møtereferat etter Team møte 22.06.23 Sandnes Næringsbygg, næringsareal

Heisann

Sjå vedlagt presentasjon av Sandnes Næringsbygg

Dette kan brukast som underlag for sak og beslutning i Kommunestyre møtet 18. september 2023.

På vegne av Sandnes Næringsbygg

Atle Nordland

Fra: Atle Nordland <atle.nordland@hotmail.com>

Sendt: fredag 23. juni 2023 11:23

Til: Svein Helge Hofslundsengen <Svein.Helge.Hofslundsengen@masfjorden.kommune.no>

Kopi: Sigmund Holmaas <sigmund@sh-oppmaaling.no> (sigmund@sh-oppmaaling.no) <sigmund@sh-oppmaaling.no>; post@brkvinge.no <post@brkvinge.no>; 'bjarteandvik@MSN.com' <bjarteandvik@MSN.com>

Emne: Møtereferat etter Team møte 22.06.23 Sandnes Næringsbygg, næringsareal

Heisann.

Oppsummert etter møtet me hadde på Teams 22.06.23

Dei som var med:

- Svein Helge Hofslundsengen, Masfjorden Kommune
 - Sigmund Holmaas, Sandnes Næringsbygg AS
 - Bjørn Rune Kvinge, Sandnes Næringsbygg AS
 - Atle Nordland, Sandnes Næringsbygg AS
-
- Sandnes Næringsbygg (SN) ber om at Masfjorden Kommune (MK) tilrettelegg for næringsareal i det område som er satt av i plan for Storeskjeret. Dette inkluderar vatn / avløp / strøm / areal for drivstofftankar i grunn / gangvei / asfaltering / lys / etc. Alt ihht budsjettpris estimert / presentert av Bjørn Rune Kvinge. Sjå vedlegg.

- SN sjekkar i markedet for investorar og mulighet for full-finsiering av Næringsbygget inkludert drivstofftankar, pumper, kaianlegg etc.
- SN skaffar kontrakt med investorar; dersom MK tilrettelegg for næringsområde så stiller investorar / utlånar / offentlig støtte med avtalt finansiering. Det startast ikkje på noko graving / arealplanering / tilrettelegging før komplett finansiering er på plass og kontraktuelt sikra.
- MK vert eigar av komplett næringsareal som vert planert ut, unntatt området som næringsbygget er plassert på. Dette kjøper SN for kr. 1,-, ref tidlegare klargjort kontrakt for arealet.
- Saka skal behandlast og vidare i neste kommunestyremøte, 18 september for endelig beslutning for MK sitt ansvar å tilrettelegga området for næringsbygg. Målet er å ha tilstrekkelig med investorar / låne avtale innan 1. september som forberedelsar til Kommunestyremøte.
- Metode for betaling mellom SN / MK for arealtilrettelegging vart ikkje avtalt i møtet. Kven blir byggeansvarlig, er oppdragsgivar mot entreprenør og lignande må avklarast meir detaljert.

Vedlegg her viser estimert budsjett for det som SN ber om vert tilrettelagt for næringsareal av MK.

Siste oppdatert presentasjon av prosjektet vert ettersendt mandag 26.06.23

For Styret i Sandnes Næringsbygg
Atle Nordland